



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon  
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato  
20.10.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/15763 357  
Dykkar referanse

Til:

Deltakande kommunar (27)  
Haakonsvern orlogsstasjon  
Hordaland politidistrikt  
Hordaland sivilforsvarsdistrikt  
Mattilsynet region Sør-Vest

Kopi:

FMHO leiargruppa  
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Statens strålevern

### Informasjon til deltakarar i Øving Hordaland 2015

Takk for at de vil delta i Øving Hordaland 2015.

Vi ønskjer med dette å gje kommunar og verksemder som skal øve kort informasjon om øvinga. Denne informasjonen bør vidareformidlast til alle som skal delta på øvinga.

Øvinga finn stad tysdag 27. oktober frå ca. kl. 09.00 til kl.15.30.

Scenariotet for øvinga er ei uønskt hending med eit reaktordrive fartøy på Haakonsvern orlogsstasjon. Det er ei hending som potensielt kan medføre nedfall av radioaktivt materiale over alle delar av Hordaland.

Øvinga er av typen «input-response» på strategisk nivå. Det vil seie at deltakarane i øvinga er i eigne lokale og øver strategisk krisehandsaming. Fylkesmannen legg ikkje opp til at det vert øvd operativt, og det vil ikkje vere hendingar som skjer «ute i felt».

Fylkesmannen har i samarbeid med nøkkelaktørar utarbeidd ein samordna beredskapsplan på strategisk nivå for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon og uønskte hendingar knytt til denne type anløp. Denne planen er vedlagd. Rutinane i planen vil danne grunnlag for handteringa av hendinga. Alle aktørane i øvinga må vere budd på trussel om radioaktivt utslepp og handsaming av ei slik trussel i samsvar med denne planen.

Øvinga vil verte initiert fredag 23. oktober med at Fylkesmannen vidareformidlar eit øvingsvarsle om anløp av eit reaktordrive fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon. Det er eit rutinevarsle som normalt ikkje går til alle kommunar/aktørar, men for å teste beredskapsadressene i samband med øvinga sender vi likevel dette ut til alle deltakarane. Deretter vil det ikkje skje noko i øvinga før tysdag 27. oktober. Som del av øvinga vil vi også på eit gjeve tidspunkt i øvingsdagen kalle inn til møte for utvalde medlemmar av atomberedskapsutvalet i Hordaland.

Sjølve spelet vil verte avslutta kl. 14.30. Vi legg opp til at alle verksemder og kommunar evaluerer øvinga same dagen. Det vil kome eit evalueringsskjema frå Fylkesmannen som skal fyllast ut og sendast inn straks spelet er avslutta. Det vil også kome eit grundigare evalueringsskjema med noko lengre tidsfrist i etterkant av øvinga.

Alle etatar og kommunar som deltek i øving har oppnemnt ein øvingskontakt. Denne kontakten kjenner dreieboka og gangen i spelet. Øvingskontakten vil mellom anna kunne spele inn tenkte førespurnadar frå befolkninga og media til kriseleiinga underveis i øvinga. Kontakten kan også vere ei støtte i handsaminga dersom det oppstår uvisse om det speltekniske, eller andre saker i samband med øvinga. Øvingskontakten er også bindeledd mot øvingsleiinga hos Fylkesmannen.

Fleire verksemder nyttar deira ordinære beredskapsadresser og telefonnummer under øvinga. Det er difor svært viktig at alle meldingar og dialog begynner og vert avslutta med «Øving, Øving, Øving».

Dersom øvinga av naudsynte grunner må avsluttast, t.d. fordi andre beredskapshendingar oppstår, vil øvingsleiinga nytte kodeordet «Bulldog» for å avslutte øvinga umiddelbart.

Innan utgangen av veka vil vi sende ut ei liste med oversyn over adresser og telefonnummer som skal nyttast i øvinga.

Vi ønskjer alle deltakarar lukke til med øvinga. Vi vonar dette vil verte ei lærerik og spanande øving!

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg:** Samordna beredskapsplan for anløp av reaktordrivne fartøy til Haakonsvern orlogsstasjon med vedlegg 2-5 (vedlegg 1 er unntake offentlegheit og vil verte ettersendt i revidert utgåve).